

BACHELOROPPGÅVE

Skule–heim–samarbeid

Dei vanskelege foreldresamtalane

Kva er eit vanskeleg tema i foreldresamtalen, og korleis førebur lærarane seg til dei vanskelege samtalane?

Av

Kandidat 409 Sonja Erèn Olsen

The difficult parent-school conversations

What might be a difficult topic in a parent-school conversation, and how can teachers best prepare for those conversation?

Grunnskulelærarutdanning (1.-7.)

PE 369

Mai 2015



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva Dei vanskelege foreldresamtalane i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidat 409 Sonja Erèn Olsen

kandidatnummer og namn

JA * NEI

1. Innhald

1. Innleiing	3
2. Problemstilling	4
3. Teori	4
Det viktige skule-heim- samarbeidet	4
Vanskelege samtalar	5
Korleis førebur ein seg til utviklingssamtale med foreldra?.....	6
Observasjon som verktøy i førebuingane	7
Gjennomføring av foreldresamtaler.....	8
Indre og ytre samtaler	9
Dersom samtalen endrar seg.....	9
4.0 Metode	10
Reliabilitet og validitet.....	11
Val av metode.....	11
Val av respondentar	11
Etiske omsyn.....	12
5.0 Presentasjon av data	12
Kva er ein vanskelig samtale, og eit vanskeleg tema i foreldresamtalen.....	12
Førebuing til ein vanskelege foreldresamtale.....	13
Nyansering av bilete på utfordringar, eigne haldningar	13
Førebuing til gjennomføringa av ein vanskeleg samtale.....	13
Vanskeleg å takle kjenslereaksjonar frå foreldra	14
Samtalen sporar av, eller foreldra tek opp noko ein ikkje er forberedt på.....	15
6.0 Drøfting	15
Vanskelege samtalar og vanskelege tema i foreldresamtalen.....	15
Førebuing av vanskelege samtalar	16
Nyansering av bilete på utfordringar, eigne haldningar	13
Gjennomføring av ein vanskeleg foreldresamtale	17
7.0 Oppsummering	18
8.0 Kjelde	20
9.0 Vedlegg 1. Intervju	22

1. Innleiing

Skule–heim–samarbeidet er eit overordna omgrep for forholdet mellom heim og skule. Det skildrar ein gjensidig relasjon mellom partane. Foreldre har både rett og plikt til medverknad i skulen. Det er foreldra som har ansvaret for barna, og det er dei som kjenner barna best. Samtidig er barna til stades på skulen store deler av livet sitt, som gjer det viktig for skulen å ha eit godt samarbeid med heimen. Eit nært og forpliktande samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å realisere dei felles oppgåvene lærarane og foreldra har for elevane (Utdanningsdirektoratet). Opplæringslova (1998) § 1-1 og 13-3d, forskrift til lova (2006) § 20-1, 20-2, 20-3 og læreplanverket for kunnskapsløftet (2006) dannar grunnlaget for samarbeid mellom heim og skule. Samarbeidet er sentralt for å skape gode læringsvilkår for kvar elev, for klassen og skulen. For å få til eit godt samarbeid er gjensidig kommunikasjon mellom heim og skule viktig. Eleven sin trivsel, faglig og sosial utvikling skal vere sentralt i samarbeidet. Samarbeidet er eit gjensidige ansvar for begge partar, men skulen skal ta initiativet og ikkje minst leggje til rette for samarbeidet. Samarbeidet skal bestå av mellom anna informasjon, dialog, drøfting og medverknad til eleven sitt beste (Utdanningsdirektoratet).

Nokre gonger møter læraren på situasjonar som gjer at nokre av foreldresamtalane kan opplevast som vanskelege. Generelt er det vanskeleg å snakke med nokon om barnet deira. Det er eit privat og personleg område noko som gjer at det lett kan komme til kjenslereaksjon i samtalen. Jensen og Olesen (2011) peiker på at i skule- heim- samarbeidet kan foreldra vere sårbare fordi bedømminga av deira barn kan følast som ei vurdering av dei som foreldre. Det er naturleg for foreldre å forsvare kritikk mot barna. I samarbeidsrelasjonen er det ikkje berre foreldra som er sårbare. Læraren er også sårbar fordi dei brukar seg sjølv og sin personlegdom i jobben. Kritikk av læraren si undervisning, eller handtering av elevane, kan oppfattast som kritikk av dei som personar.

Forsking viser at læraryrket kan vere både stressande og belastande (Skaalvik, Skaalvik, 2012). Relasjonen læraren har til foreldra har innverknad på undervisninga, men også på læraren sitt velvære. Formålet mitt med å skrive denne oppgåva er å lære meir om kvifor nokre samtalar med foreldra i skule–heim–samarbeidet kan vere vanskelege. Gjennom intervju med lærarane ynskjer eg å finne ut kva for tema i foreldresamtalane lærarane synest er vanskelege. Korleis dei handterer desse samtalane, og korleis dei førebur seg til ein samtale dei veit kan verte vanskeleg. Eg ynskjer å lære meir for å stå betre rusta til å møte foreldra til elevane på ein god og respektfull måte uansett kva tema som skal takast opp, eller kor vanskeleg samtalen kan vere. Ut i frå det har eg valt

problemstilling mi. Eg har valt å avgrense oppgåva mi til å gjelde foreldresamtaler i skule–heim–samarbeidet.

2. Problemstilling

Kva er eit vanskeleg tema i foreldresamtalen, og korleis førebur lærarane seg til dei vanskelege samtalanane?

3. Teori

Det viktige skule–heim–samarbeidet

Forholdet mellom heim og skule er ein relasjon som krev noko av begge partar (Westergård, 2012). Ei av utfordringane i samarbeidet er å få foreldra til å forstå kor viktig rolla deira er i samarbeidet for å få det til. Skulen må vise at dei ynskjer foreldra i samarbeide. I følgje Westergård (2012) vil dei fleste seie at alle foreldre er interessert i og oppteken av at borna deira skal lykkast i skulen. Dersom foreldra sjølve ikkje tek initiativ eller engasjerer seg, kan det vere fordi dei ikkje trur det har noko stor betydning for deira barn. Nokre har den oppfatninga at det er skulen sitt ansvar å handtere det som skjer på skulen (Westergård, 2012). Andre foreldre opplever at dei får for lite mogelegheit til å påverke samarbeidet, og at dei har liten reell innflytelse på skulegangen til barna. Vidare peiker ho på at enkelte hevdar at det kan skuldast at samarbeidet mellom skule og heim ofte er meir prega av informasjon enn av dialog. Dei meiner også at det er skulen som sit med definisjonsmakta i samarbeidet. Skulane må bli flinkare til å informere og påpeike til foreldra om viktigheita av eit godt samarbeidet mellom heim og skule. Ein kan vise til forskning som viser at elevar som har foreldre som engasjerer seg gjer det betre fagleg, og dei trivast betre på skulen (Westergård, 2012).

Eit anna positivt punkt med heim–skule–samarbeidet er at foreldra blir kjende med skulen sitt innhald, samstundes som læraren kan utvikle ei betre forståing for elevane sine, og foreldra deira. Det kan vere eit viktig utgangspunkt når læraren skal tilpasse opplæringstilbodet til eleven. Gode relasjonar mellom heim og skule gjer det lettare å kommunisere og finne felles løysingar når det er saker som er vanskelege å snakke om (Westergård, 2012). Det er viktig at lærarane prøver å vere pro-aktive før problema får utvikle seg og vekse seg store. Læraren må ha gode formidlingsevne og unngå at foreldra føler at dei blir anklaga for dei utfordringane barnet deira har.

Vanskelege samtalar

Utviklingssamtalen er ein samtale mellom elev, foreldre og lærar. Samtalen er lovfesta i forskrifta til opplæringslova(2006) § 20-3). Foreldreutvalet viser til at utan eit godt samarbeid med heimen blir det vanskeleg å tilpasse opplæringa optimalt for eleven. Utviklingssamtalen er ein fin arena til å få til eit godt samarbeid mellom skule og heim. Dessverre er det sånn at nokon gonger kan samtalan bli vanskelege for foreldra eller læraren.

Ein vanskeleg samtale er for dei fleste lærarane ein samtale der ein har eit møte fordi eleven har eit eller fleire problem, eller utfordringar (Jensen, Olesen, 2011). Det kan og vere der foreldre og lærarar ikkje er samde, eller der foreldra er utilfreds med skulen eller læraren. Samtalen kan og bli vanskeleg dersom ein ser veldig ulikt på barnets utfordringar, eller det ikkje er ein gjensidig tillit mellom foreldre og lærar. Det er mange ulike årsaker til at samtalar med foreldra kan opplevast som vanskelege. Nokre gonger er det temaet, andre gonger kan det vere at foreldra opplevast som «vanskelege». Ein årsak kan også vere at læraren manglar kompetanse, eller ein følelese av å mangle det (Jensen, Olesen, 2011).

Drugli og Onsøyen peiker på at det kan vere ein tanke å reflektere over kven samtalen er vanskeleg for. Er det læraren sjølv som får det vanskeleg, eller er det foreldra som vil få det vanskeleg? kanskje vil begge partar oppleve samtalen som vanskeleg? Vidare peikar dei på at det kan vere greitt å tenke gjennom kva som skal til for at samtaler om barnet ikkje blir vanskeleg for verken foreldra eller læraren. Ein må prøve sjå på samtalen som formålstenleg og eit steg på vegen for å kunne støtte behovet til barnet. Ein må ikkje låse seg fast i negative spor som gjere til at samtalen blir vanskeleg (Drugli, Onsøyen 2010).

I mange tilfelle gruar læraren seg for å ta opp uro han har for barnet med foreldra. Samtalen vert ofte sett på som «vanskeleg» lenge før samtalen finn stad. I følgje Drugli og Onsøyen (2010) kan negative tankar kring samtalen påverke samtalen negativt. Det er fordi det er lett å låse seg fast i negative tankar. Det kan hemme fleksibiliteten, empatien og openheita til læraren i samtalen. Dersom ein gjer seg opp ei meining før møtet, til dømes om at «dei foreldra er vanskelege å samarbeide med», eller «dei forstår ikkje barnets behov», då vil samtalen kunne opplevast som vanskeleg i forkant, og hindre ein god dialog og gjensidighet i samtalen (Drugli, Onsøyen, 2012).

Drugli og Onsøyen trekker fram at ein samtale også kan bli vanskeleg dersom foreldra er negative og kritiske til skulen og kollegaer. Det kan og vere vanskeleg om foreldra er likegyldige eller angrip

verbalt. Andre ting som kan gjere det vanskeleg er til dømes når foreldra er psykisk sjuke, eller er usamde seg i mellom. Vidare peikar dei på dei emna lærarar synes kunne vere vanskelege å ta opp med foreldra. Det var til dømes om barna ikkje har reine kleder, manglande grensesetting, mistanke om dårlege forhold i heimen, mistanke om rus, mishandling eller omsorgssvikt. Lærarane synes det også er vanskeleg når ein uroar seg for at barnet strevar i forhold til andre barn, og foreldra ikkje ser det same som læraren. Vidare synes dei at det vanskeleg når dei opplever uføresette hendingar under samtalen, som uventa munnleg angrep mot skulen, kollegaer, læraren, eller når læraren sin kompetanse blir trekt i tvil av foreldra (Drugli, Onsjøien, 2012).

Dette viser at det er mange ulike årsaker til at lærarane vil kunne oppleve ein samtale som vanskeleg. Nokon gonger er det temaet som gjer samtalen vanskeleg, andre gonger er andre ting som spelar inn. Sidan det er så mange ulike grunnar til at samtalar kan opplevast som vanskeleg, vil det vere umulig å finne ei oppskrift for korleis ein vanskeleg samtale kan gjennomførast (Drugli, Onsjøien, 2012).

Korleis førebur ein seg til utviklingssamtale med foreldra?

Først og fremst må ein førebu og legge til rette dei fysiske rammene for foreldresamtalen. Til dømes må ein tenkje gjennom kvar samtalen skal gå føre seg. Her bør ein velje eit rom der ein ikkje blir forstyrra av andre, eller at rommet har for mange forstyrrande element i seg. Ein må også ha i tankane korleis ein skal sitte i forhold til foreldra. Plasserer ein foreldra rett ovanfor læraren, kan det opplevast som påtrengande fordi dei må møte blikket til læraren når dei ser rett fram. Derfor bør ein plassere foreldra slik at dei har moglegheit til å unngå å møte blikket frå læraren om dei ynskjer det (Drugli, Onsjøien, 2012).

Andre ting læraren må ta omsyn til er mellom anna kva tidspunkt som kan passe for foreldra? Korleis skal ein invitere til samtalen? Kven skal inviterast? Ein bør også tenkje gjennom om ein vil snakke med eleven og foreldra, eller berre foreldra. Eleven kan også være med på samtalen. Når eleven har fylt 12 år, har det rett til å være med. Nordahl tek til ordet for at minst halvparten av konferansetimane bør gå føre seg utan elevane til stades. Han seier og at mange foreldre opplever at det er forventat at barna skal vere til stades på alle konferansetimane. Er barna med kan det gjer det vanskeleg å formidle den uroa som foreldre eller lærar kan ha, utan at barna opplever det som kritikk mot den eine parten (Nordahl, 2007). Vidare seier han at det ikkje er mogleg å ha ein kommunikasjon med foreldra om oppseding, undervisning og læring basert på gjensidig forståing og sannferdigheit

om barna er til stede under samtalen. Barna bør ikkje belastast med uroa dei vaksne har, til dømes om utviklinga deira.

Jensen og Olesen (2011) påpeiker at ein foreldresamtale kan vere ei oppløftande eller nedslåande oppleving for foreldra. Alle foreldre vil gjerne høyre at deira barn klarer seg godt både sosialt og faglig på skulen. Derfor kan det vere ein god ting å hugse på når ein skal snakke om eit problem, at bak ein kvar utfordring er der ein frustrert draum. Så i staden for å bruke mykje energi på å snakke om problemet, så kan det vere konstruktivt å snakke om draumen. Draumen om det vi ynskjer, og målet vi ynskjer å strekke oss mot (Jensen, Olesen, 2011).

Eit viktig utgangspunkt for å ta opp noko som er vanskeleg er at ein har eit godt og reelt samarbeid med foreldra før utfordringane oppstår. Det er lettare å løyse vanskelege ting dersom ein har lært å samarbeide godt i fredstid. (Nordahl, 2007). Det er læraren som har ansvaret for å legge til rette for at ein samtale skal bli så god som mogleg. Derfor må læraren sette av tid til å planlegge samtalen med fokus på innhald, også mentalt. Det kan vere ein idé å tenkje gjennom ein del punkter før ein foreldresamtale. Kva ynskjer ein å oppnå med samtalen? Kva trur du foreldra til eleven kan ynskje å få ut av samtalen? Kva tankar har ein om barnet og om foreldra til barnet?

Det er viktig at ein har eit godt fagleg grunnlag for samtalen før samtalen finn stad. I forkant av møte med foreldra er det naturleg å ha ein elevsamtale. Har ein ting som ein uroar seg for barnet bør ein skildre heilt konkret kva ein har observert, ikkje kva ein trur og meiner. Konkrete observasjonar gjer til at det blir meir truverdig for foreldra. For å få gode skildringar må ein ha observert barnet over tid. Det er for at ein skal vere sikker på at det ein uroar seg for er reelt, og ikkje berre har skjedd eit par gonger. Det er og viktig at ein ikkje brukar for lang tid å observere før ein bestemmer seg for å snakke med foreldra (Drugli, Onsjøien, 2012).

Observasjon som verktøy i førebuingane

Eit godt verktøy for skule-heim- samarbeidet er observasjon. Observasjonen spelar ei viktig rolle for å bli godt kjend med elevane. Å observere vil seie at ein legg merke til det som skjer på ein særskild oppmerksom måte (Gjøsund, Huseby, 2007). Når ein observerer prøver ein å få eit mest mogleg sannferdig bilete av det ein observerer. Det er viktig at ein ikkje lar våre haldningar, eller fordømmende meiningar spele inn og påverke resultatet. Samarbeid mellom læraren og foreldra bygger på tillit. Gjøsund og Huseby (2007) påpeiker at det blir lettare for foreldra å forstå og akseptere synspunkta til læraren når han eller ho kan vise til skildrande og objektive observasjonar

om barnet. Når foreldra ser at læraren har jobba grundig med å finne ut meir om barnet deira, skapar det tillit til læraren sitt arbeid. Foreldra ser at læraren byggjer synspunkta sine på dei undersøkingane og observasjonane som er gjort, og at det ikkje berre er noko som blir teke «rett ut av lufta». I følge Drugli og Onsøyen (2010) er det mest hensiktsmessig å ta kontakt med foreldra før ein er ferdig med å konkludere noko ut i frå observasjonane. Foreldra sit på mykje kunnskap om barnet som kan belyse det læraren observerer, og derfor bør dei aktivt vere med på å drøfte uroa læraren har for eleven.

Gjennomføring av foreldresamtaler

Profesjonsetikk handla om tillit til profesjonell yrkesutøving. Tillit er noko som verte skapt i relasjon mellom lærar og elev, og mellom lærar og føresette. Foreldre kjem til skulen med det kjæraste dei har og dei forventar at borna deira skal trivast og utvikle seg der. Dei forventar at borna har lærarar som tek vare på dei i skulen på ein best mogleg måte (Ohnstad, 2011).

I følge Munthe og Postholm (2012) har det læraren gjer i klasserommet stor betydning for samarbeidet med foreldra. Foreldra til elevane i klassen er ulike. Foreldregruppa er like mangfaldig som elevgruppa. Ein vil møte på foreldre som involverer seg i barna sin skulegang, foreldre som ikkje involverer seg i skulegangen, foreldre med barn som trenger særlig oppfølging, og mange andre ulike foreldre. Nokon lærarar opplever det å samarbeide med foreldra som ein stressfaktor. Då kan det vere greitt å ha ei «verktøykasse» som kan vere med å gjere det lettare. Til dømes kan ein ha sjekklister for korleis ein planlegg og gjennomfører ein samtale med foreldra vere nyttig. Ikkje minst må læraren vite litt om korleis ein skal handtere konfliktfylte samarbeidsrelasjonar (Munthe, Postholm 2012).

Det er viktig at lærarane har ei reflektert haldning til korleis dei skal møte foreldra for å skape eit godt samarbeid mellom skulen og heimen. Det fins ikkje noko oppskrift på det perfekte samarbeidet, men med å vere forberedt aukar ein sjansen for at det blir ei positiv oppleving for både foreldre og lærar (Bergkastet, Dahl, Hansen, 2010).

Synet læraren har på konflikter har innverknad på korleis han handterer situasjonen. Dersom læraren meiner at konflikter er uynskt har han lett for å bruke mykje energi på å prøve å unngå å komme i konflikt. Klarer ein å sjå på konflikter som ei kjelde til endring, kan det gje mulighet for positiv endring og nytenking. Det å vere usamd er ikkje alltid grunnlag for ein konflikt, men korleis vi er usamde. Usemje oppstår mellom menneske fordi alle er unike og reagerer ulikt forskjellig på ting. Det

er viktig at ein respekterer foreldrenes oppleving av eit problem, sjølv om du kanskje ikkje er heilt einig. Ein kan ikkje ta opplevinga frå andre. Når konflikten oppstår er det læraren og skulen som er den profesjonelle parten i samarbeidet, og som har hovudansvaret for å prøve å løyse konflikten (Westergård, 2012). I foreldresamarbeidet bør læraren ha mest fokus på eigen veremåte og korleis han handterer det å vere usamde (Westergård, 2012).

I samtale med foreldra er det viktig at ein er bevisst på eige språk. Er det noko vanskeleg som skal seiast bør ein ikkje pakke det inn i vanskelege ord, eller faguttrykk. Ein bør trene på å snakke med eit enkelt språk. Like viktig som å vere bevisst på sitt verbale språk, må ein også vere bevisst på den non-verbale kommunikasjonen. Det er viktig at det non-verbale språket stemmer overeins med det ein faktisk seier (Drugli, Onsjøien 2012).

Indre og ytre samtaler

Ein samtale inneheld både indre og ytre samtalar (Petersen, 2007). Det vil seie at når vi snakkar med andre føregår det minst tre dialogar. Ein indre dialog hos kvar av partane, og ein felles ytre samtale. Dei indre samtalanene kan omhandle forskjellige forhold. Det kan vere våre emosjonelle reaksjonar som opptek oss. Eller vår ihuge til å leve oss inn i det den andre parten seier. Det kan vere omarbeiding og tolking av den andre sitt kommunikative uttrykk både verbale og non-verbale. Eller det kan vere at vi tenker på korleis vi skal presentere eige budskap, slik at den andre parten opplever det som forståeleg.

Vidare peikar Petersen (2007) på at læraren er den profesjonelle i samtalen og har eit ansvar for å vere profesjonelt nærværande ovanfor den ikkje profesjonelle. Læraren lyttar både utover og innover. Utover ved å observere og analysere det den andre seier og gjør, og innover ved å vere empatisk og oppmerksom på korleis den andre påverkar ein sjølv. Det vil seie at læraren gjennom observasjon, følelse og refleksjonar kan pendle mellom nærleik og distanse. Dersom ein ikkje er i stand til å distansere seg frå samtalepartnern, kan empati fort bli til sympati. Å ha empati handlar om å kunne leve seg inn i den andre sine følelsar, utan å overta dei (Petersen, 2007). «Det handlar om å lytte på ein sånn måte at dei andre har lyst å snakke, og snakke på ein sånn måte at dei andre har lyst å lytte» (Pearce, 2007:24)

Dersom samtalen endrar seg

Ver forberedt på at ein samtale kan opplevast som vanskeleg, og læraren kan oppleve at dei mister styringa i samtalen. Det kan vere at det skjer noko uventa, eller at kommunikasjonen blir dårlig

(Jensen, Olesen, 2011). Westergård og Galloway (2010) fann ut i eit studie at kvaliteten på samarbeidsrelasjonane vart mykje betre når det var læraren som først tok kontakt med foreldra og ikkje omvendt. Det meinte dei var fordi tok foreldra kontakt først hadde saka utvikla seg til å bli meir alvorleg, og foreldra var meir emosjonelle. Når foreldra tek kontakt først kan det komme overraskande på læraren. Læraren kan oppleve det som ubehageleg eller nokon gonger også som eit angrep frå foreldra (Westergård, Galloway 2010). Westergård (2012) tek til ordet for at ei forklaring på det kan vere at læraren tek opp saka på eit tidleg tidspunkt, sånn at den ikkje har fått anledning til å utvikle seg til å bli eit stort problem.

4.0 Metode

Reliabilitet og validitet

Reliabiliteten tydar på litelegskap. Eit grunnleggande spørsmål i all forskning er kor påliteleg data er (Christoffersen og Johannessen, 2012). Alle menneske møter verda med ei førforståing. Der har vi med oss kunnskap og oppfatningar om røynda som vi ubevisst bruker til å tolke omgivnaden rundt oss. Reliabiliteten kan brukast som eit måleinstrument for å finne ut om ulike målingar eller undersøkingar gjev same resultat under like forhold. Sjølv om målingane viser ein høg reliabilitet, er det ikkje ein garanti for at målinga stemmer. Validitet seier noko om kor relevant data er. Data er ikkje sjølve verkelegheita, men ein representasjon om den. Validitet er i kva grad ein ut i frå resultat av undersøkinga kan trekkje gyldige slutningar om det ein undersøker.

Val av metode

Eit intervju er ein samtale mellom forskar og respondent som er styrt av forskaren. Forskaren har laga ein plan på kva tema ein vil snakke om. Empirisk forskning består av å samle inn data om den verkelegheita ein forskar på. Data er noko vi skapar som utgjer bindeleddet mellom verkelegheita og tolkinga av den. Verkelegheita består både av objektive ting og subjektive oppfatningar som mellom anna haldningar og verdiar (Christoffersen, Johannessen, 2012). Data og empiri er ikkje sjølve verkelegheita, men ein representasjon av den. Etter at data er samla inn vel ein ut kva data som skal brukast. Kvalitativ metode blir ofte brukt når ein vil undersøke og skildre det menneska uttrykkjer skriftlig eller munnleg. Den kvalitative undersøkinga gjennomførast som ein dialog mellom den som intervjuar og respondenten, i motsetning til ein kvantitativ undersøking, som blir gjennomført som ei utspørjing av respondenten. Ein kvalitativ undersøking gjennomførast som ein

kommunikasjonsprosess der intervjuar prøve å styre samtalen så lite som mogleg (Christoffersen, Johannessen, 2012).

Eg har intervju tre lærarar for å høyre kva dei synes er ein vanskeleg samtale. Eg har høyrte korleis dei førebere seg til den, og korleis dei gjennomfører ein vanskeleg foreldresamtale. Eg har valt å ikkje intervju foreldre på grunn av temaet eg skriver om i bacheloroppgåva. For det fyrste vil det vere krevjande å finne foreldre som har erfaring med vanskelege samtalar sidan skulen har teieplikt. For det andre er det ikkje sikkert at foreldre ville vore villige til å snakke om noko som kan opplevast som personleg og vanskeleg for dei. For å finne svar på mine spørsmål nytta eg kvalitativ forskingsintervju som metode. Eg brukte eit halvstrukturert intervju der eg på førehand hadde bestemt tema og spørsmåla for intervjuet i ein intervjuguide (Christoffersen og Johannessen, 2012).

Ved å bruka intervju som metode, i staden for eit spørjeskjema hadde eg moglegheit for å bruke oppfølgingsspørsmål og få klarleik i ting eg lurte på, eller dersom det var noko som var uklart. Ein anna fordel med å gjennomføre eit intervju med ei viss form for standardisering, er at svara vert meir systematisert og kan samanliknast i etterkant (Christoffersen og Johannessen, 2012). Med tanke på at eg skulle gjere ei undersøking der eg analyserte informasjonen som vart gitt, stilte eg dei same spørsmåla til alle eg intervjuar. Det å ha individuelle intervju er ressurskrevjande fordi det er mykje informasjon som kjem fram. Fordelen er at informantane får moglegheit til å vere ærlig fordi dei ikkje treng å ta omsyn til andre.

Val av respondentar

Eg tok kontakt med rektor ved to skular i min heimkommune. Dei valte ut 3 kvinner som eg intervjuar til oppgåva mi. Fordelen med at det var rektorane som plukka ut respondentane er at dei kanskje har plukka ut lærarar med god fagkunnskap og lang erfaring i skulen. Ulempa kan vere at eg ikkje har fått den breidda eg kunne ynskje. Respondentane fekk tilsendt spørsmåla eg ville stille i forkant slik at dei kunne forberede seg til intervjuet. For å la respondentane få moglegheit til å utdjupe svara brukte eg mange opne spørsmål som «kvifor» «korleis» i intervjuguiden. Fordelen med å få det tilsendt i forkant er at respondentane har fått tenkt gjennom temaet og er meir forberedt til intervjuet. Ulempa er at respondenten kan diskutere spørsmåla i intervjuet med andre, noko som kan påverke deira haldningar og meiningar om temaet for undersøkinga. Samtidig kan det vere at informasjon har vore utelatt fordi eg hadde spørsmåla klare på førehand.

Eg valde å bruke lydopptak under intervju. Det klarerte eg med respondentane i forkant. Eg valte lydopptak fordi eg ville ha fokus på respondentane og ikkje notatblokka under intervju. Ein god samtale krev at ein ofte har augekontakt med den ein intervjuar. Skal ein notere mykje under intervju blir fokuset ofte på notatblokka, og ikkje på den vi intervjuar. Etter eg var ferdig med intervju, transkriberte eg intervju og sendte dei på e-post til respondentane. Då kunne dei lese igjennom og sjå at eg hadde fått med alt.

Etiske omsyn

Eg har sytt for at dei etiske omsyna vert ivareteke i undersøkinga. Eg har sytt for at informantane vart informert og fekk kjennskap til det overordna målet med prosjektet. Både kva dette skulle brukast til og korleis eg hadde tenkt å bruke det. Eg har ikkje brukt namna på skulane, lærar eller elevlar i denne oppgåva. Korleis lærarar handterer dei vanskelege samtalane kan vere eit ømtålig tema, og det har eg teke omsyn til. I tillegg har eg ivareteke informantane, og andre som er med i prosessen.

5.0 Presentasjon av data

I min presentasjonen av empiri er det resultatet i frå respondentane eg har intervju som kjem fram. Det er deira tankar, haldningar og erfaringar som blir skildra. Det overordna temaet for intervjuet var problemstillinga mi: *Kva er eit vanskeleg tema i foreldresamtalen, og korleis førebur lærarane seg til dei vanskelege samtalane?*

Kva er ein vanskelig samtale, og eit vanskeleg tema i foreldresamtalen.

Respondentane svara mykje likt på kva som er vanskelege tema å ta opp med foreldra og kva ein vanskeleg samtale er. Dei synest at samtalar der ein kjem inn på omsorgssvikt- der ein ser at barna ikkje får dekkja sine behov er vanskeleg. Andre ting dei synest er vanskelig, er når det er åtferd som ein trur har noko med oppsedinga heime å gjere, eller når ein mistenker grov omsorgssvikt, overgrep eller vald i heimen. Den eine respondenten sa «Alt som den direkte årsaka ligger hjå foreldra er vanskeleg å ta opp med foreldra» Det er fordi det går på dei som foreldre, og det må vere det såraste å få høyre at ein ikkje «duger» som foreldre. Ligger årsaka utanfor heimen er det mykje lettare å ta det opp med foreldra. Desse svara gjekk stort sett igjen hjå alle respondentane når dei skulle svara på kva dei synes er ein vanskeleg samtale og kva tema dei synes er vanskeleg å ta opp med foreldra.

Førebuing til ein vanskelege foreldresamtale

Hovudtrekka som gjekk igjen her hjå respondentane var at det var viktig at ein hadde gjort gode observasjonar av barnet og utfordringa. Dei synes det var viktig at ein hadde konkrete døme å vise til og at ein ikkje «synsar» om noko. Alle nemnte og at dei ville ha snakka med dei andre på teamet rundt eleven for å høyre kva dei har observert og korleis dei opplever eleven. Det respondentane peika på, var at det er viktig at det er etablert god kontakt med foreldra så tidlig så mulig, for då er det mykje lettare å ta opp ting som kan vere vanskeleg. Den eine respondenten ville kanskje tatt ein telefon til foreldra i forkant og seie at det er noko ein må snakke om og førebur foreldra litt på kva som kjem. Vidare ville ho sagt at ho synes det hadde vore fint om begge foreldra kunne kome.

Respondentane ville ha diskutert saken med den andre kontaktlæraren i klassen. Dei brukar kvarandre for å få eit nyansert bilete på utfordringane med utgangspunkt i at alle elevar har noko positivt, og det er ofte betre å rose ønska åtferd enn å kritisere uønskt åtferd. Respondentane var alle eintydig på at dersom ein mistenkte at barnet var utsett for vald eller overgrep, ville ein ikkje teke kontakt med foreldra først, men informere leiinga ved skulen for å få råd og tips til vegen vidare. Dersom administrasjonen meiner at foreldra skal informerast, vil nokon frå leiinga vere med på møtet.

Nyansering av bilete på utfordringa, eigne haldningar

Gjennom intervju av respondentane var det få som svarte på spørsmålet om dei brukte kollegaer eller andre til å få eit nyansert bilete av utfordringa og eigne haldningar. Eg tenkte på spørsmålet som ei førebuing til foreldresamtaler for å få nyansert til dømes negative haldningar til eleven eller foreldra. Respondentane svara meir på kva dei gjorde om dei hadde dårlig kjemi eller trengte ei «pause» frå utfordrande elevar.

Førebuing til gjennomføringa av ein vanskeleg samtale

Eine respondenten sa at det første ein må tenkje på er kor ein har samtalen. Ein må passe på at ein har den ein stad der ein ikkje verte uroa av andre, eller at der er ting i rommet som kan forstyrre. Den eine respondenten fortalde om ein vanskeleg samtale ho hadde hatt då ho var nyutdanna og utan så mykje erfaring. Ho hadde innkalla til eit møte der ho skulle ta opp noko som var eit litt vanskeleg tema. Ho hadde valt å ha møte på lærarrommet på skulen. Då møte begynte sleit ho med å få kontakt med faren til eleven fordi han hadde funne fjernkontrollen til fjernsynet, og absolutt skulle sjå Dagsrevyen. Dette har ho teke lærdom av.

Ein må også tenke på kven som skal inviterast. «Eg opplevde ein gong å få ein telefon frå ein rasande pappa som ikkje var innkalla til utviklingssamtalen. Foreldra var skilt og eg rekna med at dei hadde så godt samarbeid at dei informerte kvarandre. Der tok eg grundig feil» sa respondenten. Det er viktig å beklage og legge seg heilt flat når ein har gjort ein feil og ikkje prøve å bortforklare det. Ein anna viktig ting er å setje av god tid slik at ein ikkje må avbryte samtalen grunna tidsnød. Start alltid samtalen med noko som er positivt om eleven. Respondenten meinte at det var viktig å vise at ein spelar på lag med foreldra og ikkje prøver å setje deg «over» foreldra med å tru eller vise at du meiner du er betre enn dei.

Respondentane synes og det er viktig at ein er ærleg, men samtidig passe på så ein ikkje angrip foreldra. Viss det var mange utfordringar med barnet var det viktig å ikkje ta alt på ein gong, men starte med berre ein ting. Den eine respondenten sa «det er viktig at ein er på tilbodsida til foreldra» «kva kan vi gjere for at dette skal bli betre?» Kanskje komme med forslag til kva vi på skulen kan bidra med.

Respondentane svara noko ulikt når eg spurde dei om dei ville vore aleine med foreldra når dei visste ein samtale kunne bli vanskeleg. To av dei svarte at dei ville hatt med seg den andre læraren eller nokon frå leiinga på skulen. Den siste respondenten sa ho først ville prøvd å vore åleine, det fordi ho ikkje vil at foreldra skulle føle at det var noko maktubalansen dei i mellom. Dersom det vart vanskeleg ville ho heller avslutta møtet og avtalt nytt møtetidpunkt. Ho ville samtidig informert at ho ville ta med nokon til neste møte. Til dømes nokon frå leiinga på skulen. Alle respondentane sa at det var viktig og skrive gode referat frå møta og helst avtale nytt møte før ein avslutta samtalen.

Vanskeleg å takle kjenslereaksjonar frå foreldra

Hovudtrekka som gjekk igjen hjå respondentane var at det som dei synes er det vanskelegast å takle, er om dei blir skulda for å ikkje gjere jobben sin av foreldra. Dersom foreldra angrip deg som lærar, skulen eller kollegane dine og generelt sinte foreldre er vanskeleg å takle. Foreldra som kjem i forsvarsposisjon eller blir aggressive mot deg som lærar er vanskelege å takle. Den eine respondenten sa at «Urettmessig kritikk frå foreldra er sårt. Det er fordi barna som har litt utfordringar har du stort sett jobba mykje meir med enn dei andre elevane for å hjelpe eleven»

Den eine respondenten fortalde om ein telefon ho tok til foreldra til ein elev. Samtalen som ho trudde i utgangspunktet skulle vere ein grei samtale, vart ikkje det. Ho vart rett og slett utskjelt av den eine forelderen. Ho fekk avslutta telefonen, så gjekk ho til administrasjonen og fortalde kva som

hadde skjedd. Dei kalla inn til møte med foreldra veldig raskt etterpå. Læraren fortalde på møte korleis ho opplevde samtalen med den eine forelderen. Samtalen var teken i beste meining frå læraren si side. Foreldra la seg flate og bad om unnskyldning fleire gonger.

Samtalen sporar av, eller foreldra tek opp noko ein ikkje er forberedt på

Her svara respondentane at det er viktig å ta foreldra på alvor og ikkje gå i forsvar. Ein av respondentane sa «viss foreldra er sinte, så kan det vere greitt å lytte til det dei har å seie. Deretter ville eg ha avslutta møte sånn at ein kunne få gått heim å tenkje gjennom tinga og prøve å starte på nytt igjen. Dersom foreldra tok opp noko ein ikkje var forberedt på sa den eine respondenten følgjande: «Eg ville fått foreldra til å fortelje noko meir om det. Til dømes kva seier barnet sjølv om det? Når har det skjedd? Så vil eg seie til foreldra at dette må eg finne meir ut av, og dersom det er noko som skjer til dømes i friminutta, vil vi fylgje ekstra godt med og komme raskt tilbake til foreldra «Vi må vise til tiltak ovanfor for foreldra og rapportere kva vi gjer, gjerne dag for dag i byrjinga».

6.0 Drøfting

Her vil eg drøfte resultata i lys av teorien eg har brukt og dei innsamla data. Først vil eg drøfte kva eit vanskeleg tema i foreldresamtalen kan vere, ut ifrå samanheng mellom teorien og det respondentane har svara. Vidare vil eg drøfte korleis ein førebur seg til ein samtale ein veit kan bli vanskeleg. Til slutt vil eg drøfte korleis ein førebur seg til gjennomføringa av ein vanskeleg samtale.

Vanskelege samtalar og vanskelege tema i foreldresamtalen

Lærarane eg intervjuar svara mykje likt om kva dei synes kunne vere ein vanskeleg samtale, eller eit vanskeleg tema å ta opp med foreldra. Alle respondentane synes at samtalar der ein kjem inn på omsorgssvikt– der ein ser at barna ikkje får dekkja dei grunnleggjande behova sine er vanskeleg, eller når det er åtferd som ein trur har noko med oppsedinga heime og gjer. Spesielt vanskeleg synes dei det er når ein mistenker grov omsorgssvikt eller vald i heimen. Ein vanskelig samtale for mange av respondentane, er når foreldra er sinte og angriper læraren verbalt. Dette samsvarar med teorien til Drugli og Onsøien (2010) der dei skriver om kva pedagogar synes er vanskeleg å snakke med foreldra om og kva som opplevast som ein vanskelig samtale av lærarane.

Eine respondenten fortalde om ein telefonsamtale ho hadde grudd seg for å ta med foreldra til ein elev. «Eg opna med å fortelje kven som ringte» og deretter sa eg «Denne samtalen har eg grudd meg for å ta» Faren til eleven svarte «det er jo berre meg så det er ikkje noko å vere redd for»

Respondenten sa at samtalen vart ikkje vanskeleg i det heile teke, og det viser kor viktig det er med gode relasjonar til foreldra før det oppstår problem. Westergård (2012) tek til ordet for at gode relasjonar mellom heim-skule gjer det lettare å kommunisere og finne løysingar når det er saker som kan vere vanskelege å snakke om. Det er samanfallande med det respondenten fortalde.

Teorien seier at ei negativ haldning til samtalen før den finner stad, påverkar samtalen (Drugli, Onsøyen, 2012). Det kan jo tenkast at det kan oppstå misforståingar under samtalen, noko som gjer at haldningane endra seg frå positive til negative undervegs i samtalen. Det kan vere at den eine parten prøver å formidle noko som den andre parten i samtalen oppfattar noko som negativt. Eller at ein er usamde i korleis ein opplever problemet. Respondentane fortalde at det er vanskelig når dei blir angrepet verbalt, eller ikkje er førebudd på utspel som kjem. Men er det bare foreldra som angriper verbalt? Det kan vel tenkast at læraren kan ordlegge seg på ein måte som gjer at foreldra opplever det som eit angrep på dei. Det er nok mange grunnar til at ein samtale kan opplevast som vanskelig både for foreldra og læraren. Nordahl (2007) tek til ordet for at det i mange heim-skule-samarbeid vil vere motsetningar og konfliktrar. Han seier at det er normalt, og at ein skal sjå på det som eit uttrykk for engasjement om eleven si utvikling og læring. Vidare peiker han på at i konfliktfritt samarbeid kan tyde på at det ikkje eksistere eit reelt samarbeid, med kanskje bare ei utveksling av informasjon.

Førebuing av vanskelege samtaler

Når det gjelder førebuing av samtalar ein veit kan bli vanskelig, synes respondentane det er viktig å tenkje gjennom ramma kring samtalen. Til dømes kven som skal vere til stades under samtalen? Kvar skal samtalen gå føre seg? Den eine respondenten fortalde om eit møte ho hadde hatt. Ho hadde valt å ha møte på lærarrommet ved skulen. Dette medførte at ho ikkje oppnådde den kontakta ho ville med faren til eleven. Ho meinte at det skuldast at ho hadde lagt møte til lærarrommet. Der var ein tv og faren ville absolutt sjå Dagsrevyen. Drugli og Onsøyen (2012) peiker også på det at det er viktig å velje eit rom der ein ikkje blir forstyrra av andre, eller at rommet har for mykje forstyrrende element i seg. På den eine sida kan eg sjå at det kan vere greitt å ikkje ha for mykje forstyrringar rundt samtalen. Men samtidig så tenkjer eg at det er vaksne menneske ein har med å gjere. For læraren var dette sjølv sagt ikkje noko god oppleving. Men kan det ikkje tenkast at denne faren opplevde samtalen så ubehageleg, at tv `en var ein god unnskyldning for han til å sleppe å stille seg til det læraren sa?

Vidare sa respondentane at det var av stor betydning at det var etablert god kontakt med foreldra så tidlig så mogleg. Dette samsvarer også godt med det ein finn i litteraturen til Nordahl (2007). Han

skriv at det er viktig å byggje gode relasjonar i fredstid. Det synes eg òg er ein fin tanke, då det kan vere mykje lettare å ta opp ting som kan vere vanskelig å snakke om. Men utan gode haldningar og respekt, klarer ein ikkje byggje gode relasjonar.

Eg fekk litt ulike svar frå respondentane når eg spurde dei om dei ville vore aleine med foreldra, når dei visste ein samtale kunne bli vanskeleg. Dei fleste av dei svarte at dei ville hatt med seg den andre læraren eller nokon frå leiinga på skulen. Den eine respondenten sa ho først ville prøvd å vore åleine, det fordi ho ikkje vil at foreldra skulle føle at det var noko maktubalansen dei i mellom. Dersom det vart vanskeleg ville ho heller avslutta møtet, og avtalte eit nytt møtetidpunkt. På den eine sida er eg einig med respondenten som seier at det kan opplevast som ein maktubalanse for foreldra om det stiller meir enn ein lærar på møte. Men på den andre sida ser eg at det kan vere ein trygghet for læraren å ikkje vere aleine. Det handlar om læraren sin trygghet, men også om at ein er fleire til å komme med innspel på løysingar av utfordringa.

Nyansering av bilete på utfordringa og eigne haldningar

På spørsmålet om dei brukte kollegaer eller andre for å få eit nyansert bilete på utfordringa og eigne haldningar, var det ingen av respondentane som svarte i den retninga eg hadde tenkt. Ein mogleg årsak til det er kanskje spørsmålsformuleringa mi. Eg burde eg kanskje ha stilt spørsmålet på ein anna måte for å få fram at det var førebuingane til foreldresamtalen eg var ute etter. Ei anna forklaring på at lærarane svarte som dei gjorde, kan vere at dei ikkje er vand med å bruke andre for å nyansere bilete på utfordringar og eigne haldningar.

Gjennomføring av ein vanskeleg foreldresamtale

Under gjennomføringa av samtalen var det ein del kjenslereaksjonar frå foreldra respondentane synes kunne vere vanskelegast å takle. Til dømes om dei blir skulda for å ikkje gjere jobben sin. Eller viss foreldra verbalt angrep dei som lærar, skulen eller kollegane. Dette samsvarer med det Drugli og Onsøyen (2012) og trekker frem i sin teori. Ein mogleg forklaring på lærarane synes dette er vanskelig kan vere at, dess meir eigarskap ein har til det ein blir kritisert for, jo meir sårbar blir ein også for kritikken frå foreldra. Den eine respondenten min sa at det å bli kjefta «huda full» gjer noko med deg som lærar og. «Vi er ikkje lærar-robotar som ikkje blir påverka når ein blir kritisert eller kjefta på»

Viss foreldra tok opp noko ein ikkje var førebudd på, meinte respondentane at det er viktig å ta foreldra på alvor. Den eine respondentane sa at kan det vere greitt å lytte til det foreldra har å seie og ikkje gå i forsvar. Eg tenkjer at kjem foreldra med ugrunna eller urettferdig angrep mot deg som

lærer, kan det vere vanskelig å ikkje gå i forsvare. Då er det viktig at ein ikkje går til motangrep mot foreldra. Læraren skal vere den profesjonelle i samarbeidet. Då må læraren prøve å få eit bevisst forhold til korleis ein sjølv reagerer på kritikk og det å vere usamd. Det er viktig å lære korleis ein kan takle usemje, så det ikkje hemmar samarbeidsrelasjonane.

7.0 Oppsummering

Eg vil vise kva eg har lært gjennom arbeidet med problemstillinga, både gjennom teori og intervju med respondentane. I problemstillinga mi spurde eg kva er ein vanskeleg foreldresamtale er. Her kom eg fram til at det var eigentleg to hovudpunkt for kva ein vanskeleg samtale er. Det første er tema som kan vere vanskeleg å ta opp med foreldra mellom anna viss det er ting som den direkte årsaka kan ligge hjå foreldra som til dømes omsorgssvikt, manglande grensesetjing, overgrep og vald. Det andre handla om det som skjer under samtale. Viss ein ikkje er førebudd på at ein samtale kan bli annleis enn det ein hadde tenkt, til dømes at foreldra kan vere sinte, kan samtalen verte vanskelig. Det kan også vere vanskeleg viss foreldra angriper deg som lærar, kollegar eller skulen.

Det andre spørsmålet i problemstillinga handla om korleis lærarane førebur seg til ein samtale med foreldra dei veit kan bli vanskeleg. Her påpeiker både teorien og respondentane kor viktig det er å bygge gode relasjonar til foreldra tidlig i samarbeidet. Har ein gode relasjonar til foreldra er det mykje lettare å ta opp ting som kan vere vanskeleg. Det er viktig å tenke gjennom og kanskje ha ein strategi om kva ein gjer om til dømes foreldra kjem med noko du ikkje er forberedt på.

Vidare fann eg ut at det er mykje som er skriven i litteraturen om sårbare barn og sårbare foreldre i heim-skule samarbeidet. Ein ting som er lite nemnt i litteraturen om samarbeidet er at lærarane også er sårbare i relasjonen. Den eine respondenten min sa at det å bli kjefta «huda full» gjer noko med deg som lærar. Læraren skal vere den profesjonelle som har ansvaret for å få samarbeidet til å fungere. Han eller ho skal og kunne møte eit mangfald av foreldre, men det må også vere lov å vere sårbar som lærar og. Det er menneskelig å bli påverka når ein blir kritisert eller kjefta på. Lærarane er like mangfaldige som foreldra, og nokon er meir sårbare enn andre. Kanskje burde det vore meir i utdanninga til lærarane om korleis ein kan takle eigne følelsar og reaksjonar, slik at det ikkje hemmar samarbeidsrelasjonane med foreldra. Er ein trygg på seg sjølv tåler ein også utfordringar betre.

Ein blir aldri fullt utlærde i korleis ein skal samarbeide og snakke med foreldra om barna deira. Det er fordi det ikkje finnes nokon fasit eller oppskrift for korleis ein skal gjer det. Nokre gonger vil ein

lukkast i samarbeidet og andre gonger kan samarbeidet dessverre verte vanskeleg. Målet må vere å bli så trygg i møte med foreldra at ein kan takle dei utfordringane som oppstår, utan at ein tek det personleg eller gjev opp. Ein trygg lærarar tåler at ikkje alle samtalar og relasjonar til foreldra blir harmoniske og perfekte (Drugli, Onsøyen, 2012).

8.0 Kjelde

- Bergkastet, I., Dahl L, Hansen, KA.(2009). *Elevenes læringsmiljø–lærerens muligheter*. Oslo: Universitetsforlaget
- Christoffersen, L., Johannessen, A., Tufte, P.A(2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*(4.utgåve). Oslo: Abstrakt forlag.
- Drugli, MB. og Onsøyen, R.(2012). *Vanskelige foreldresamtaler– gode dialoger*. Oslo: Cappelen Damm
- Gjøvsund, P. Huseby, R.(2005). *I fokus: observasjonsarbeid i skolen*. Oslo: Damm
- Jensen, TM. og Olesen BR. (2011). *Samarbeid mellom skole og hjem–kommunikasjon og ledelse*. Viborg: Dansk psykologisk forlag
- Munthe, E. og Postholm MB.(2012). *Lærerens profesjonelle læring i skolen* i Postholm MB., Haug P., Munthe E, Krumsvik R(red) *Lærere i skolen som organisasjon* Oslo: Cappelen Damm Høyskoleforlaget
- Nordahl, T (2007). *Hjem og skole* Oslo: universitetsforlaget
- Oma Ohnstad, F.(2011). *Profesjonsetikk i skolen*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Pearce, B (2007). *Kommunikasjon og skabelse af socialeverdner*. København: Dansk Psykologisk Forlag
- Petersen, V (2007). *Den målrettede foreldresamtale*. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag
- Skaalvik, E.M., Skaalvik S. (2012). *Skolen som arbeidsplass*. Oslo: Universitetsforlaget
- Westergård, E. (2012). *Læreren i hjem-skole samarbeidet* i Postholm MB., Haug P., Munthe E, Krumsvik R(red) *Lærere i skolen som organisasjon* Oslo: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Westergård, E. Galloway, D.(2010). Partnership, participation and parental disillusionment in home- school contact: a study in two schools in Norway. *Pastoral care in education* 28(2): 97-107.

Internettkjelde:

Barnelova(1984) *Innhaldet i foreldreansvaret*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7>

Forskrift til opplæringslova (2006). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724?q=oppl%C3%A6ringslova>

Kunnskapsdepartementet *Hjem-skole samarbeid*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/nb/tema/utdanning/grunnopplaring/slette/hjem-skole-elevsamarbeid/id279669/>

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Henta frå <http://www.lovdatab.no/all/nl-19980717-061.html>

Utdanningsdirektoratet *.Hjem-skole-samarbeid*. Henta frå <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Hjem-skole-samarbeid/>

Utdanningsdirektoratet *Prinsipp for opplæringa*. Henta frå <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Prinsipp-for-opplaringa/Laringsplakaten/?read=1>

Utdanningsdirektoratet *Samarbeid med heimen* Henta frå <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Prinsipp-for-opplaringa/Samarbeid-med-heimen/>

Foreldreutvalget for grunnopplæring *Utviklingssamtalen* Henta 23.04.2015 frå <http://www.fug.no/utviklingssamtaler.144727.no.html>

9.0 Vedlegg 1

Intervju til bacheloroppgåve i PEL

Problemstilling: *Kva er ein vanskeleg samtale og korleis førebur lærarane seg til dei vanskelige samtalane.* Eg har valt å avgrense oppgåve mi til å gjelde foreldresamtale.

Mitt namn er Sonja Olsen og eg er grunnskulelærarstudent på 4. året (deltid) i Sogndal. I år skal eg skrive bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap. Eg skal skrive ei oppgåve om heim-skule samarbeidet og samtalane som kan vere vanskelige. I det høve kjem eg til å stille deg spørsmål rundt dette temaet, om kva du som lærar synes er vanskelege samtalar og korleis ein både førebur og møter foreldra når ting er vanskelig å ta opp. Eg vil bruka informasjonen frå intervjuet til bacheloroppgåva og samanlikna den med anna forskning og pedagogisk teori rundt dette temaet. Du er anonym i denne undersøkinga. Intervjuet vil vara i ca. 15-20 min. Eg vil nytta høve til å spørja deg om eg kan få løyve til å bruka lydband, slik at eg kan få transkribert informasjonen på rett måte. All informasjon behandlast konfidensielt og anonymt og vil bli makulert etter at materialet er analysert og oppgåva er levert.

Intervjudelen

1. Kva synes du er ein vanskelig samtale?
 - a. Korleis meiner du at en vanskeleg foreldresamtale bør gjennomførast?

2. Førebuing
 - a. Korleis førebur du deg til ein samtale du veit kan bli vanskeleg?
 - b. Brukar du kollegaer eller andre til å få eit nyansert bilete på utfordringa, eigne haldningar?

3. Møtet
 - a. Kva tema synes du det kan vere vanskelig å snakke med foreldra om – kvifor?
 - b. Kva for kjensle reaksjonar frå foreldra synes du er vanskelegast å takle?
 - c. Kva gjør du om foreldra tek opp noko du ikkje er forberedt på?

Avslutning:

No vil eg gå igjennom svara du har fortalt meg, slik at vi kan sjå at alt stemmer, og at eg har fått med meg det du har fortalt. Tusen takk for at eg har fått intervjuet deg. Det er til stor hjelp for semesteroppgåva mi. Om du vil, kan eg sende deg heile intervjuet på e-post etter eg har transkribert datamateriale. Tusen hjerteleg takk.